



Kristlaug frå Porselensbua i Rosendal (biletet) har mange spennande haustnyhende å lokka med når det gjeld strikking.

Torsdag kveld vil dei strikkeglade kunne strikka av hjartens lyst etter oppskriftane hennar og med mange garnvariantar.

Då blir den første strikkekafeen denne hausten avvikla i regi av Uskedalen Utvikling.

Kafeen startar klokka 18 og varar utover kvelden.

TI-aren sine damer står som vanleg for serveringa og det ligg an til ein koseleg haust-drøs i Gamleskulen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)